



Helselaget er eitt av fire Uskedalslag som har fått grasrotmidlar. Her er dei klare for demensaksjon tidlegare i haust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalingane har førebels vore flinke til å støtta opp om laga sine gjennom grasrotmidlane via Norsk Tipping. Dei fire laga idrettslaget, ungdomslaget, skulemusikken og helselaget har fått inn rundt rekna 30.000 kroner, noko som må karakteriserast som eit godt resultat.

Men det blir påpeika for uskedalen.no frå laga at det er viktig å nytta ordninga no mot slutten av året. Ein bør hugsa på at ved påmelding vil oppsparte midlar for heile året kome laga til gode.

I 2009 har Grasrotandelen med andre ord tilbakeverkande kraft. Det vil seia at det blir generert grasrotmidlar av alt spelaren har spelt for frå 1. januar 2009, uansett når spelaren knyter seg til ordninga. Denne ordninga gjeld ikkje frå 2010 og dermed er ein potensiell grasrotgjevar langt meir verd i år enn til neste år.

Det vil vera beklageleg om midlar som kunne koma lagslivet til gode går til Norsk Tipping, blir det understreka frå lagshald.

Det er berre å sei frå til kommisjonæren eller ordna det sjølv på nettet.

Fordelinga mellom laga her i bygda er så langt slik:

- * Idrettslaget 14.943 kroner frå 47 spelarar
- * Skulemusikken 12.303 kroner frå 51 spelarar
- * Helselaget 3.354 kroner frå 16 spelarar
- * Ungdomslaget 621 kroner frå 3 spelarar. Dette laget har nyleg kome med på ordninga.

Slik er situasjonen på landsplanet:

Til no har ein av fem spelarar hos Norsk Tipping funne seg ein grasrotmottakar. Med andre ord er det framleis eit stort potensiale som ikkje er henta ut.

Men totalt har Grasrotandelen generert over 52 millionar sidan første utbetaling i juni medan den samla summen til no i år er over 113 milionar.

400.000 spelarar har så langt funne seg ein grasrotmottakar som dei vil støtta, utan at det kostar dei noko ekstra eller går ut over premien deira. Kvar gong dei spelar går 5 prosent til det lag eller den organisasjon dei har peika ut.

Av Ola Matti Mathisen



Idrettslaget har fått inn mest grasrotmidlar førebels. Turngruppene har god vind i segla også denne hausten. (Foto: Ola Matti Mathisen)